

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2015**

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, Frp og H fram slik forslag:

1. "Saka vert utsett.

Grunngjeving:

I vedteke budsjett for 2015 skal tildeling til gjesteatelier og Ambrosiahuset haldast tilbake til gjeldande retningsliner eller forslag til slike ligg føre.

Slike retningsliner må vere med i saka når ho vert lagt fram for ny handsaming.

2. Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania."

### **Røysting**

Hellesnes sitt forslag 2 vart vedteke mot 2 røyster (SV, KrF).

Hellesnes sitt forslag 1 vart vedteke mot 1 røyst (KrF).

### **Vedtak**

Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.

Saka vert utsett.